

Hjerteprogrammet

- et opplegg om sosial kompetanse

Eit konkret og praktisk opplegg, eit verktøy til bruk i kvardagen med mål å utvikle barns sosiale kompetanse. Berekna på barn 3-6 år, men deler kan også tilpassast dei minste. Kvart barn skal få ein opplevelse av å bli sett, hørt, og tatt vare på. Føle seg verdifulle. Vi skal hjelpe barna til å utvikle haldningar, tilegne seg ferdigheter og få kunnskap om seg sjølv og andre. Barna skal skape sin eigen identitet, dei skal finne ut kven er EG, kven er DU, og kva er VÅR plass i fellesskapet. Hjerteprogrammet bygger på samspelet mellom barn – barn, og barn – voksen. Vi jobber mykje i små grupper.

Det handler om EG, DU og VI. Bruker hjertet som metafor, hjertet er sentralt i hjerteprogrammet. Det vert jobba med 3 hjertelag:

EG innerst: (handler om egenverd, sjølvfølelse, vilje, evne)

DU i neste lag: (handler om vennskap, respekt, omsorg, samarbeid)

VI ytterst: (handler om leik, fellesskap, glede, solidaritet)

3 tema innanfor kvart hjertelag:

EG: 1: Jeg er meg 2: Mine følelser 3: Mine hjerteskatter

DU: 1: Hjerte for andre 2: En god venn 3: Samspill

VI: 1: Respekt 2: Gøyale sprell 3: Hjerte for verden

MATERIELLET:

* Illustrerte samtalekort, eit til kvart av dei 9 tema. Forslag til ei heil samlingsstund på kvart kort.

* Bok med historier om temaer: «Mats og Mille»

* Magnettavle med magnetbrikker, til å illustrere historier og tema. Gjenfortelle og snakke om historien frå Mats og Mille.

* Aktiviteteskort som kan brukast til dei ulike temaer

* Veilednings-hefte med beskrivelse av temaer og aktiviteter

* Hjertesymbol og figurer med ulike ansiktsuttrykk. Viser dei mest grunnleggande følelsane, og kan brukast til å gjere barna bevisste på sine egne og andre sine følelser.

Materiellet inneholder mange ulike uttrykksformer, som dramatisering, rim/regler, bevegelse, formingsaktiviteter, sang/musikk, samtal og vidare arbeid i barnegruppa.

HJERTEVENN:

Kvar dag, kvar veke eller den dagen i veka det er hjertesamling vert det valgt ein Hjertevenn. Dette barnet har spesielle oppgåver gjennom dagen, blir løfta fram, er i fokus, og får fokustid på samlinga.

HJERTESAMLING:

I hjerteprogrammet er samlingsstunda sentral, her kalla «Hjertesamling». Alle hjertesamlingane er bygd opp på same måte, og her blir dei 9 ulike tema tatt opp. På kvart samtalekort er det forslag til ei ferdig hjertesamling.

Kan ha ei eller fleire hjertesamlinger pr veke.

Ramme rundt samlinga kan vere ein raud duk, dempa belysning, raude hjerter som skal skrivast på. Den som er dagens hjertevenn, får fokustid på samlinga. Den får sitte på en egen stol med raud pute, og dei andre barna skal seie fine ting om dette barnet, som dei voksne skriv ned på papirhjerter, og som barna får i hjerteboka si.

Det skal vere ein pangstart på samlinga som fanger barnas oppmerksomhet, dette er foreslått på aktivitetskortet for dagen. Deretter: Kven er her? , Fokustid, Teambuilding (aktivitet i forb. med tema, som vektlegg fellesskap og gruppe-opplevelser), Dagens hjertevenn-historie, (ei fortelling frå boka «Mats og Mille» er utgangspunkt for tema) presentere Dagens aktivitet (etter samlinga), og Avslutning.

MIN HJERTEBOK:

Barna har kvar si hjertebok, der dei limer inn bilder, tegninger, hjerter med fine ord frå dei andre barna, finger eller handavtrykk, osv. Dokumenterer barnets opplevelser og erfaringer i arbeidet med Hjerteprogrammet. I veiledninga finns maler til forside og aktiviteter som kan takast med i boka.